



Austevoll kommune

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Vår ref.
07/01547-010/KASSH

Arkivkode.
230

Dykkar ref.

Dato.
28.01.2008

MELDING OM VEDTAK. SØRHEIMUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Kommunestyret handsama i møte 24.01.2008 sak 0009/08.
Følgjande vedtak vart gjort:

”Austevoll kommunestyre er sterkt kristisk til Sørheimsutvalet sitt framlegg om å gjera heile selskapsskatten statleg. Det er eit viktig prinsipp i skattesystemet at delar av verksemdar sitt overskott skal bli att lokalt i det samfunn verksemdene er ein del av. Selskapsskatten bidrar til nettopp det. Kommunestyret i Austevoll meiner at ein endå større del av selskapsskatten skal bli att lokalt enn også dagens system.

Austevoll kommune har tidlegare peika på det paradoksale ved at ein kommune som Austevoll som er rik på naturressursar og er landsleiarinn innanfor både fiskeri, havbruk og offshore ikkje skal ha noko att av dette gjennom inntektsystemet. Kommunestyret ser på dagens inntektsystem som direkte urettferdig der ein skiljer mellom ymse naturressurser. Vasskraftproduksjon og oljeanlegg på land gjev store inntekter til kommunane, medan det Austevoll er rik på nemleg verdiskaping innanfor maritime og marine næringar ikkje gjev kommunen ekstra inntekter.

Austevoll kommunestyre bed Kommunal og regionaldepartementet sjå på dette i samband med vurdering av Sørheimsutvalet sin innstilling og inkomne merknadar.”

Med helsing


Helge Andre Njåstad
Ordfører